

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Statlige/regionale aktører

Orgnr 921060157

Namn på verksemd Fjordane interkommunalt politisk råd

Adresse Rådhusvegen 11

Postnummer/-stad 6770 Nordfjordeid

Kontaktperson

Namn Elisabeth Birkeland Hatlenes

Telefon 41045026

E-post elisabeth.hatlenes@regionfjordane.no

Enhet i virksomheten Fjordane IPR / Region Fjordane

Innspel

2.1 Gjennomgåande omsyn

Vestland er eit stort og variert fylke, der byar, regionsenter og distriktsområde har ulike føresetnader for utvikling. Planlegginga må ta omsyn til denne variasjonen, og regionale føringar må ikkje bli så stramme at dei i praksis hindrar lokale initiativ eller utviklingsmoglegheiter. Samstundes er samfunnssikkerheit og beredskap eit felles ansvar som krev koordinering på tvers av kommunar og regionar.

Fylkeskommunen bør saman med statsforvaltaren samordne og peike ut retning, og å støtte opp om kommunane sitt plan- og beredskapsansvar, slik at vi både tek vare på lokale handlingsrom og styrkjer

evna til å møte beredskapsutfordringar i heile fylket. Beredskapssituasjonen må få konsekvens for korleis fylkeskommunen prioriterer og planlegg infrastruktur og senterstruktur i fylket.

2.2 Regionsenter og transportkultur

Transportstruktur er avgjerande for å utvikle levedyktige lokalsamfunn, næringsliv og bu- og arbeidsmarknader. For å møte både dagens utfordringar og framtidige behov må planarbeidet ha ein tydeleg satsing på eit transportnett som bind regionen betre saman. Mellom regionsenter og kommunesenter er det særleg viktig å legge til rette for både transport for næringslivet og effektive vegar som gjer det mogleg å utvikle gode bu- og arbeidsregionar. I tillegg må ein arbeide for å sikre at transportårane ut av fylket har høg kvalitet, slik at vi styrkar både næringsutvikling og mobilitet på tvers av fylkesgrenser.

Når det gjeld senterstruktur, er det viktig at fylkeskommunen legg til rette for ei utvikling som tek omsyn til naturgitte føresetnader og variasjonen mellom byar, tettstader, kystsamfunn og distriktsområde. Strukturen må bidra til å halde heile Vestland samla, og ikkje avgrense lokale moglegheiter gjennom for rigide føringar.

2.3 Berekraftig arealforvaltning

Berekraftig arealforvaltning er eit omfattande tema med mange sider og potensielle målkonfliktar. Det er difor avgjerande at den regionale planen legg opp til felles målsetjingar og prinsipp for arealbruk i Vestland, samstundes som kommunane som planmynde har handlingsrom til å gjere eigne vurderingar.

Eit godt planverk må erkjenne at ulike delar av fylket har ulike føresetnader, og at det i mange tilfelle vil vere motstridande omsyn mellom utbygging, næringsutvikling, jordvern, naturmangfald, kulturmiljø, reiseliv og energi. Det er difor viktig at planen ikkje bind kommunane gjennom for detaljerte føringar, men fungerer som eit reiskap for samordning, kunnskapsdeling og prioritering.

2.4 Mobilitet og transport

Vi støttar at mobilitet og transport vert løfta fram som hovudtema, og at måla frå RTP om trygge, effektive og miljøvenlege løysingar vert vidareført. Utviklinga av transportsystemet må bidra til større og meir funksjonelle arbeidsregionar, med effektive vegar og gode løysingar for næringslivet mellom regionsenter og kommunesenter. Kystperspektivet må inkluderast, med sjøtransport og ferjesamband som ein integrert del av transportkjeda. Fylkesvegnettet har stort vedlikehaldsetterslep, og prioriteringar må baserast på tryggleik, beredskap og klimaendringar. Trygge løysingar for mjuke trafikantar og universell utforming må styrkast, særleg knytt til skuleveg og kollektivknutepunkt. Kollektivtransporten må vere fleksibel og tilpassa både by og distrikt, med sterkare bruk av sjøtransport. Til slutt er det avgjerande at planen formulerer tydelege regionale forventningar til NTP og sikrar gode transportårer ut av fylket.

Ein føresetnad for det vidare planarbeidet er at dei prioriteringane som er vedteken i RTP skal leggjast til grunn og følgjast opp i neste RTP.

4. Kunnskapsgrunnlag og skildring av konsekvensar

Evalueringsav dei førre regionaleplanane om senterstruktur bør omtalast.